



Arkivnr: 2014/2-49

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		11.09.2014

Inntekter ved Bergen maritime fagskole

Samandrag

Bergen maritime fagskole har dei siste åra fått inntekter fra einskilde verksemder som kjøper plassar ved dei maritime eller petroleumstekniske utdanningane. Fordi det er låge satsar til fagskuleutdanningane, vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå at Bergen maritime fagskole ikkje vert trekt i studenttalet for desse inntektene.

Forslag til vedtak

Bergen maritime fagskole vert ikkje trekt i studenttalet ved kjøp av plassar så lenge inntektene vert nytta til drift og utvikling av Bergen maritime fagskole og studiestaden Austevoll.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
sekjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.08.2014

Bergen maritime fagskole har dei siste åra fått inntekter frå ein skilde verksemder som kjøper plassar ved dei maritime eller petroleumstekniske utdanningane. Tidlegare har dei kjøpte plassane vorte trekt i frå det totale studenttalet når ramma for fagskulane vart justert etter studentteljinga om hausten. Det varierer om dei kjøpte plassane kjem på toppen av studenttalet fagskulen har fått tildelt, eller om dei er ein del av det totale studenttalet fagskulen får midlar til.

Ved fleire hove har den knappe økonomien for fagskulane, og spesielt dei maritime utdanningane, vore eit tema når sak om tilbodssstruktur har vore lagt fram for fagskulestyret. Skulane har også vorte oppmoda om å auka inntektene med kursverksemd og liknande. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil derfor tilrå at Bergen maritime fagskole ikkje vert trekt i studenttalet ved kjøp av plassar. Det er ein føresetnad at desse inntektene kjem både Bergen maritime fagskole og studiestaden Austevoll til gode som drifts- og utviklingsmidlar.